



Vokalensemblat Glimrah gav korsekvensen ein flott start.

**- Dette vart ein magisk time med mykje fin song medan det regnar og lynar ute i novemberkvelden, sa soknerådsleiar Svanhill Haugland då ho takka publikum og aktørar etter den flotte korsangkvelden i Uskedal kyrkje torsdag kveld. Ho sa og at det er tydeleg det vert sunge mykje kvar einaste veke, og ho oppfordra til meir song.**

- På programmet vert Uskedal sokneråd takka både som arrangør og sponsor. Sanninga er at det er den supre kantoren vår Eva Megyesi som trekkjer i absolutt alle trådar. Vi kjem til ei open og opplyst kyrkje, sa soknerådsleiaren vidare og overrekte diktboka til Aud Sørheim Myklebust som ei takk frå soknerådet til den driftige og dyktige kantoren.



Maria Malmsten opna det heile med vakker solosong.

Nok ein gang skaut Eva Megyesi blink med eit konsertprogram. Denne gongen hadde ho samla 5 kor frå kommunen til korfestival. Resultatet vart ein god time i Uskedal kyrkje. Etter at Maria Malmsten hadde innleia den musikalske delen med ei flott og stemningsfull framføring av ein kombinasjon av to nordiske folketonar, fulgte kora Glimrah, Husnes Blandakor, kyrkjekoret Nordsaang, Røysterett for Alle og Rosendal songlag som perler på ei snor. Her fekk vi oppleve eit vokalensemble på 6 songarar og blanda kor av ulike storleikar. Vi fekk oppleve ulike sjangrar og ulike måtar å syngja på. Eit par av kora presenterte flinke solistar. Det meste vart sunge utan akkompagnement, men Eva Megyesi spela piano til framføringar både av Husnes Blandakor, Røysterett og Rosendal songlag. Desse elementa sikra god variasjon i programmet, og alle kom godt frå framføringane sine. Eg kosa meg i alle fall gjennom gode timen.

Svært positivt er det at alle dei fem kora var samla til same konsert. Det har både musikalsk og sosial verdi. Veldig kjekt var det også at Kammerskoret som ikkje hadde høve til å delta, hadde lagt øvingskvelden sin til konserten som publikum. Blant publikum var også Linas Dakinevicius som dirigerte Husnes Blandakor dei føregåande åra. No har han overlete dirigeringa til Eirin Nordvik, nyttilsett i kulturskulen og busett på Stord. Velkjende Maria Malmsten og nemnde Eva Megyesi styrer det musikalske i dei andre kora.

Med så mange aktørar var det godt med publikum, men det kunne vore meir. Det blir det til neste år, for Eva Megyesi har lova ny korfestival i Uskedalen i 2018. Då vert det også invitert gjestekor, truleg internasjonalt. Ho får det verkeleg til, den kantoren vår!



Marianne Meyer Borgen frå Eik var flink solist med Husnes Blandakor i You Raise Me Up.



Kyrkjekoret er i fin utvikling.



Røysterett for Alle hadde ei fin avdeling.



Fin avslutning på den gode songstunda av Rosendal songlag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland